

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 27.04.2015

Vår ref.: 201500848-4

Arkiv: 313 / 101.5A

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Andreas Selstad Ottesen

22 95 95 28 / baso@nve.no

Brødrene Sunde AS - søknad om løyve til å la eksisterande vassleidning i Spjelkavikelva bli liggjande, Ålesund kommune - høyring

NVE har motteke ein søknad frå Brødrene Sunde AS, datert 13.04.2015, om løyve til å la eksisterande vassleidning i øvre del av Spjelkavikelva bli liggjande der den ligg i dag.

Brødrene Sunde AS har lagt ny vassleidning, PE-røyr med diameter 110 mm, i Spjelkavikelva på strekninga mellom Brusdalsvatnet og Sunde sine fabrikkannlegg i Spjelkavika. NVE har 02.10.2012 vedteke at plassering av vassleidning på elvebotnen mellom Brusdalsvatnet og Litlevatnet treng konsesjon etter vassressurslova § 8. Brødrene Sunde søker no om løyve til å la eksisterande vassleidning i øvre del av Spjelkavikelva, frå pumpehuset og ned til Litlevatnet (515 m), bli liggjande der den ligg i dag. På strekninga mellom Brusdalsvatnet og pumpehuset (85 m) vil det bli lagt ny vassleidning i grøft og eksisterande vassleidning i elva vil bli fjerna.

Søknaden skal behandlast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Dersom de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Rolf Fagervoll på tlf. 70 17 70 20 eller e-post: Rolf.Fagervoll@sundolitt.com.

Vi ber Ålesund kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentlig ettersyn ved Servicetorget i Ålesund kommune fram til **12.06.2015**. Det eine eksemplaret kan, om nødvendig, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagt informasjonsark som forklarar saksbehandlinga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at uttalar vert sendt oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som råd og seinast innan **12.06.2015**. I tillegg kan ein sende uttalar per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Uttalen eller delar av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Om uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Bård Andreas Selstad Ottesen
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Søknader til kommunen (4 stk.)
 Kunngjeringsstekst
 Informasjonsark
 Mottakarliste

Mottakarliste:

Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal
Friluftsrådet for Ålesund og Omland
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljødirektoratet
Møre og Romsdal fylkeskommune
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
Norges Jeger og Fiskerforbund, Avd. Møre og Romsdal
Norsk Ornitologisk Forening avd. Møre og Romsdal
Ålesund kommune
Ålesund-Sunnmøre Turisforening

Kopi:

Brødrene Sunde as